

TIPS til påkledning!

Haust og vinter krev litt meir utsyr og gode varme kle.



Ull er det aller beste! I vinterhalvåret må barna ha ull under, dette er særleg viktig når vi har tur dagar, då kle vi har på oss er heilt avgjerande for kva slags tur det blir for barna.

På tur dagar må barna kome ferdig kledd med inste laget.

Vi vil at tur dagar skal vere ein positiv oppleving for alle barna – og med godt samarbeid med dåkke foreldre som kler barna godt og vel gode alternativ for barna dåkke når de kjøper kle, så vil barna få gode turopplevingar!



Vottar er viktig å ha i bhg. Små barn brukar henda mykje ute og leikar seg med snø, sand og vatn. På våte kalde dagar kan regnvottar vere gode å ha. Heimestrikka ullvottar er det aller beste vi har erfaring med, sjølvom desse vert våte, så held dei på varmen og dess meir desse vert brukt, dess meir tova vert dei og tjukkare. Dei tynne bomullshanskane som finnast i handelen er grei, men desse vert barna veldig fort våte i og raskt kalde, prøv å unngå desse.

Sko – i den kalde årstida er det ofte litt for kaldt med støvlar, sjølvom ein har tjukkelestar i. Der er gode dockboots å få i handelen no, desse har ein mykje betre funksjon i vinterhalvåret då dei verkar varmare enn støvlar. Elles er sherrox og vintersko gode alternativ også.